



ÅL KOMMUNE



Årsplan for Sando barnehage 2025–2026



Innhald

1.0 INNLEIING	3
2.0 VERDIGRUNNLAG	4
2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	4
2.2 Sando barnehage.....	4
3.0 FORMÅL OG INNHALD	6
3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	6
3.2 Sando barnehage.....	7
4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON	10
4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	10
4.2 Sando barnehage.....	10
5.0 BARNES MEDVERKNAD	13
5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	13
5.2 Sando barnehage.....	13
6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE	14
6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	14
6.2 Sando barnehage.....	14
7.0 SAMARBEID	16
7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	16
7.2 Sando barnehage.....	16
8.0 OVERGANG.....	18
8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	18
8.2 Sando barnehage.....	18
9.0 PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ.....	0
9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	0
9.2 Sando barnehage.....	0
10.0 VURDERING	1
10.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	1
10.2 Sando barnehage.....	1
11.0 TRAFIKKTRYGGLEIK.....	2
11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	2
11.2 Sando barnehage.....	2
12.0 BEREKRAFT	3
12.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	3
12.2 Sando barnehage.....	3

1.0 INNLEIING

Ål kommune ynskjer at barn og føresette i dei kommunale barnehagane skal oppleve å møte ein felles kvalitet på det pedagogiske arbeidet i barnehagane. Det er utarbeidd felles årsplan med ein generell del og ei konkretisering av den enkelte barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Ny rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen vart sette i verk frå 1.augsut 2017 og er ei forskrift til barnehagelova. Årsplan skal synleggjere korleis barnehagen omset føringane frå rammeplanen og oppvekstsektoren sitt styringsdokument til pedagogisk praksis. Figuren til høgre viser samanhengen.

Årsplan skal ha fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap for personalet for å styre barnehagen i ei medviten pedagogisk retning
- eit utgangspunkt for at føresette skal ha høve til å påverke innhaldet i barnehagen
- grunnlag for tilsyn i kommunen med barnehagen
- informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar, politikarane, kommunen, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte

Lov om
barnehag
e

Rammepl
an for
barnehag
ens
innhald
og
oppgåver

Oppvekst
2030

Årsplan

Lokale
planar

2.0 VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. (...) Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. (Rammeplan 2017, s. 7).

2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

I oppvekstsektoren i Ål er Oppvekst 2030 styringsdokument med visjonen er: *Open – Grundig – Modig.*

Hovudmålsettinga er:

- *Å skape eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, slik at kvar enkelt får kraft til å meistre eigne liv.*
- *Stimulere ressursane og styrkene hos barn, unge og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring.*

Oppvekstsektoren skal støtte opp om Ål kommune sitt overordna mål om å vera ein god stad å bu og leva, med eit berekraftig lokalsamfunn. Sektoren bidreg til å oppfylle kommuneplanen 2015-2027 (Ål kommune, 2014) ved å sikre eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø.

I barnehage og skule skal alle barn og elevar oppleve verdiar slik at kvar einskild blir i betre stand til å meistre eigne liv, der ein har positiv interesse for andre sitt liv, naturen som ein ressurs vi skal ta vare på, lokalsamfunnet som eit naturleg fundament for samanhengskraft i bygda. Vi skal i Ål kommune bygge opp menneske som blir rotfaste og flygedyktige. Med dette som bakteppe arbeider sektoren mot hovudmålsetjinga; i eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar einskild kraft til å meistre eigne liv. Vi skal legge vekt på å stimulere og synleggjere ressursane og styrkane til alle barn, unge og vaksne i sektoren. Vi må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse og styrker. Det er våre kompetansar og styrker som motiverer oss, det er styrkane våre som gjer at vi blir i stand til å hjelpe dei som treng hjelp. Forståing for det enkelte barn og den enkelte ungdommen må vera berande i oppvekstsektoren. Vi må forplikte oss på å arbeide for å fremje og støtte meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og interesse for positive sosiale fellesskap og læring hos alle barn og ungdom i Ål kommune.

2.2 Sando barnehage

"Verdas beste start - eit hav av moglegheiter"

Sando barnehage er ein kommunal barnehage med 36 plassar delt på to avdelingar; **Vesleberg** med barn i alderen 1-2 år og **Satakroken** med barn i alderen 2-6 år.

Vi har store, lyse og trivelege rom med mange moglegheiter i forhold til aktivitetar og lek. Vi har blant anna ein felles garderobe, eit stort kjøkken og tilgang til både gymsal og sløydsal. Ute har vi fleire leikeområde med både huske, sandkasse, klatrestativ, fotballbane, sykkelbane, lavvo og meir. Vi har òg gangavstand til fleire fine turområde som vi ofte brukar.

Vi legg vekt på å skape gode kvardagar for barna der trygghet, fellesskap, omsorg og det å bry seg om kvarandre står sentralt. Vi vil vera tydelege og nærverande vaksne for barna, og gje dei trygge rammer – KVAR DAG.

Vår pedagogiske plattform: Barnehagen er barnet sin arena, det er her livet er! Barnehagen er ikkje berre ei førebuing til livet som kjem seinare. Livet er her og no. Barndommen er ein fase i livet med stor verdi. Her møter vi livet slik det er og slik det kjem, med sine oppturar og nedturar, gleder og sorger. Barna får ta seg den tida dei treng for å lære, til å leike, til å leve i og oppleve fellesskap med andre.

Vår barnehage er ein god stad å vera både for små og store. Barna får oppleve glede, føle seg betydningsfulle og velkomne hos oss. Vi skapar gode barndomsminne ved å bry oss om kvarandre, vera ein del av eit fellesskap og føle at eg er verdt noko – uavhengig av prestasjonar. Vi legg vekt på gode naturopplevingar året rundt

Satsingsområde i 2025-2026: *Friluftsliv og fysisk aktivitet.* Vi jobbar vidare med dette satsingsområde som vi har starta med tidlegare. Vi ynskjer endå meir fokus på fysisk aktivitet dette barnehageåret.

3.0 FORMÅL OG INNHOLD

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (...) Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. (Rammeplan 2017, s. 19).

Omsorg	Leik
Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barna skal oppleve at dei blir sette, forstått og respektert, og at dei får den hjelpa og støtta som dei har behov for. Det skal leggjast til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen.	Leiken ute og inne skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.
Danning	Læring
Barnehagen skal fremje samhold og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og blir følgt opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.	Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre seie læring i eit stimulerande miljø.
Vennskap og fellesskap	Kommunikasjon og språk
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.	Barnehagen skal vera medviten på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen.

3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune er ei nynorsk kommune

- Barna i barnehagen skal bli kjent med nynorsk i munnleg og skriftleg form
- Barna får erfaring og kjennskap til hallingdialekten, andre dialektar og det språklege mangfaldet i den einskilte barnehagen
- Dei føresette får informasjon om at barna vil møte nynorsk som hovudmål i skula. Og at alle elevar i norsk skule skal lære seg to skriftspråk (nynorsk og bokmål)
- Barnehagen fylgjer retningslinene i "Målbruksplan for Ål kommune".

3.2 Sando barnehage

Tryggleik og omsorg:

I Sando barnehage arbeider vi med omsorgsfulle og anerkjennande relasjonar mellom barn - vaksne, og mellom barn-barn. Vi er aktive vaksne som er til stades med barna, lyttar, bryr oss, viser omsorg og gir barna ein nærheit i kvardagen. Omsorg har ein eigenverdi, og vi har fokus på å være varme og rause vaksne i møte med alle barn.

Dei vaksne hos oss er tilgjengelege for barna som «ladestasjonar». Her kan dei koma om dei har behov for kontakt enten dei er lei seg, slitne, sinte, glade eller berre ynskjer eit fang å sitja på. Vi anerkjenner barna sine følelsar, ingen barn skal føle at dei må kvitte seg med følelsar. Gjennom dagen blir alle barna hos oss sett og høyrde, dei får ros og barna lærer å vise omsorg ovanfor kvarandre.

Vi er opptekne av og har fokus på at tilvenningsperioden og ulike overgangar, som når barna byrjar i barnehagen, byter avdeling og skal over i skulen, er så god og trygg som mogleg for både barn og foreldre.

Leik

I Sando barnehage er dei tilsette aktive vaksne som deltek i leikeverda på barna sine premissar. Dei observerar, analyserar, støttar, rettleiar og utviklar leiken. Vi har fokus på å skape gode leikemiljø med ulike leikesoner som inviterar til leik både ute og inne. Utvalet av

leikar byttast ut med jamne mellomrom for å skape variert leik. Vi legg til rette for god leik gjennom heile dagen i samband med rettleiing, inspirasjon og deltaking frå dei vaksne og arbeidar med leik inn i alle barnehagen sine fagområder. Vi har ein god variasjon av både frileik og organsierte aktivitetar for barna. Leiken fremjer barna si utvikling og sosiale ferdigheiter.



Danning.

Danning er ein livslang prosess, og omhandlar evna til å kunne reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Barna skal støttast i å forhalde seg undrande til omverda, slik at dei kan delta modig, sjølvstendig og ansvarleg i demokratiske fellesskap. I Sando barnehage tilrettelegg vi for meningsfulle opplevingar for alle barn, og støttar barna si utvikling av eigen identitet og positiv sjølvforståing. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til barnet si utvikling av kritisk tenking, etisk vurderingsevne, motstandsdyktigheit og handlingskompetanse.

Vi arbeider for at alle barn skal vera deltakande og føle seg som ein verdifull del av barnehagen sitt fellesskap. Gjennom arbeid med barn sin medverknad arbeidar vi for at barnehagen skal vera eit inkluderande, demokratisk fellesskap.

Dei vaksne er tydelege og nære i sin relasjon med barna og er gode rollemodellar i barna sin danningssprosess. Vi vaksne går føre som rettleiarar og gode rollemodellar for å vise barna korleis dei skal vera mot kvarandre. Vi brukar samlingar og leik i arbeidet med dette. Vi repeterar aktivitetar og tema som vi har gjort før slik at barna kan bli trygge og få følelsen av å lykkast.

Læring

I barnehagen skal barn støttast til å leike, lære og meistre. Barna skal introduserast for nye situasjonar, tema, fenomen, materialar og reiskap. Dei skal støttast i sine refleksjonar, for slik å skape forståing og meining i sine opplevingar og erfaringar. Vi legg til rette for gode, felles opplevingar og erfaringar som grunnlag for eit inkluderande fellesskap kor alle barna aktivt kan bidra til eigen og andre si læring.

I Sando barnehage arbeidar vi mot å anerkjenne og stimulere barna sin nysgjerrighet og kreativitet som grunnlag for gode læringsprosessar. Vi legg til rette for allsidige læringsmiljø der barna får brukt heile seg og sitt sanseapparat, og vi har fokus på at vårt arbeid skal ha ein naturleg progresjon og utvikling gjennom heile barnehageåret. Vi legg til rette for læring der dei vaksne er barna sine støttespelara i samlingar, leik, opplevingar og turar i kvardagen.

Leik og læring skal være artig og gå hand i hand. Leik gjer læring morosamt, naturleg og lett å meistre.

Vennskap og fellesskap

I Sando barnehage arbeidar vi med sosial kompetanse kvar dag. Vi støtter barn i å sette grenser, respektere andre sine grenser og i konfliktløysing. Vi arbeider aktivt mot krenking, diskriminering og uheldige samspelsmønstre. Hos oss skal alle barn oppleve positive relasjonar

med andre, og barnehagen skal ha eit inkluderande fellesskap kor alle kjenner seg verdsett og verdifulle.

Vi legg til rette for at barna kan knytte gode relasjonar til kvarandre ved å ha felles aktivitetar, samling i dyregrupper og vaksne som er gode rollemodellar.

Kommunikasjon og språk.

I Sando barnehage er dei vaksne gode språkmodellar, og gir barna varierte møter med språk og kommunikasjon. Vi brukar mykje nynorsk, og noko dialekt i vår kommunikasjon med barna. Alle barn skal få delta i aktivitetar som fremjer kommunikasjon og språkutvikling og få varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel. Dei vaksne anerkjenner og responderer på barna sitt verbale og non-verbale uttrykk, og er lyttande og lydhøyre ovanfor barna sine kommunikasjonsformer. Dei vaksne er viktige språklege førebilete for barna. Gjennom samtalar, høgtlesing, song, benemning og varierte oppgåver i kvardagen er dei vaksne aktive deltakare i barnet si språkutvikling.

4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON

Arbeidsmåtene skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.
(Rammeplan 2017, s. 43).

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. (Rammeplan 2017, s. 44).

4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området. Arbeidsmåtar viser til korleis personalet legg til rette for læring og utvikling. Dei skal vere varierte, tilpassa barna og i tråd med **Rammeplanen for barnehagen**. Det kan bland anna kome til syne gjennom leik, prosjektarbeid, turar og opplevingar, samtalar og observasjon.

Progresjon handlar om at barna får moglegheit til å utvikle seg vidare frå der dei er – både individuelt og som gruppe. Dette skjer bland anna gjennom å sjå kvart barn og gjere tilpassingar ut ifrå alder, gjentaking og vidareutvikling, individuell tilpassing og systematisk planlegging.

4.2 Sando barnehage

I vårt arbeid tek vi i bruk planleggingsverktøy, rammeplanen og progresjonsplanar. På den måten får vi ein systematisk, heilheitleg og kontinuerleg utvikling av barn sine ferdigheiter og kunnskap. Vi evaluerar arbeidet vårt jamleg for å kvalitetssikre det vi gjer.

Vi ivaretek arbeidet med det pedagogiske konseptet ved å jobbe tverrfagleg og temabasert med dei sju fagområda i rammeplanen gjennom heile året. Vi set opp progresjonsplanar for å sikre utvikling i arbeidet.

Vårt konsept:

Vi er ein barnehage med friluftsliv og fysisk aktivitet som konsept. Vi er mykje ute i nærområdet og på lengre turar i Ål. Vi har hengekøyer med på tur til dei som skal kvile i løpet av dagen og både lavvoen og uteområdet vårt blir flittig brukt. Skulestarteran går på kulturturar til ulike stader og gymsalen er flittig brukt av alle.

Temaarbeid

Her tek vi utgangspunkt i barna sine initiativ og interesser, og barna si undring leiar utviklinga av innhald og prosessar i prosjektarbeidet.

Prosjektarbeid heng gjerne saman med temaarbeid, og går ut på at ein i barnegruppa over tid har ein skapande prosess kor barna er deltakande i alle ledd av prosjektet, ut frå alder, modning og progresjon.

Aldersdelte grupper

Vi deler barna inn i grupper ut frå alder for å kunne jobbe meir aldersspesifikt og tilrettelagt med tema våre, og for å gje dei jamngamle barna ein felles møteplass. Å dele barna i mindre grupper er positivt for arbeidet med sosial kompetanse, då barn og vaksne lettare kan skape felles fokus. For nokon barn kan det vera lettare å øve opp gode sosiale ferdigheiter og erfaringar i mindre grupper.

Digital praksis

Digital praksis er og blir ein del av kvardagen vår. Barnehagen nyttar Ipad saman med barna i ulike prosjekt og tema. Barnehagen sin digitale praksis skal bidra til lek, kreativitet og læring. Barna skal få erfaring med å utvise dømekraft og dei skal få utforske den digitale verda.

Vi arbeidar for at barnehagen sin digitale praksis skal bidra til å utvide barns forståing og referanseramme, og sikre at barna får likt utgangspunkt, felles erfaringar og opplevingar. Dette i tråd med barnehagen sitt etiske skjønn.

5.0 BARNES MEDVERKNAD

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barna skal få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av verksemda. Barnehagen skal vere medviten på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaringar, føresetnader og behov til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. (Rammeplan 2017, s. 27).

5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området.

5.2 Sando barnehage

Medverknad er det same som demokrati, «alle stemmer skal bli høyrd». Barna skal i stor grad leggje føringar for *tempo, rytme og innhald* i barnehagedagen.

- Tempo: få gjere ting på sin måte, i sitt tempo og med sine føresetnader.
- Rytme: få lov å leike ferdig og avslutte ein aktivitet utan at vi vaksne bryt inn.
- Innhald: Få vera med å bestemme kva som skal prege dagane våre.

Det handlar ikkje alltid om å la barna få mange val, men at dei får vere med å påverke sin eigen kvardag. Dei skal bli høyrd og sett, få kome med innspel og ynskje, i samsvar med alder og modning.

Barna skal vera aktive deltakarar i eige liv og eigen kvardag saman med oss, difor har dei vaksne i Sando barnehage alle sansar opne for å «fange» opp ynskjer og behov. Barna skal få utfalde seg i trygge og tydelege omgjevnader. Vi ser korleis barnegruppa leikar og kva dei interesserer seg for, og forandrar det fysiske miljøet på avdelingane for å imøtekome dette. Gjennom barnesamtaler og intervju får barna dele sine tankar om barnehagen. Ved samling og i den daglege kommunikasjonen får dei kome med ynskjer om ulike ting som for eksempel kvar dei vil på tur og kva dei vil eta på matdagane. Vi ynskjer å legge til rette, slik at vi får initiativrike og glade leikande barn.

6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE

Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. (Rammeplan 2017, s. 15).

6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Overordna tema i både barnehage og skule i Hallingdal er «Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø». Barnehagane har frå 2023 hatt fokus på kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, som skal bidra til at alle barn får oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod, få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel – uavhengig av føresetnadene sine. Det pedagogiske tilbodet skal bidra med at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring gjennom kvardagen i barnehagen.

Utviklingsarbeidet skjer i samarbeidet med PPT Ål, og me driv på med opplæring av analyseverktøyet *Pedagogisk analyse*.

Pedagogisk analyse er ein metode som blir brukt i barnehage og skule for å forstå og vurdere situasjonar som påverkar barn si læring, utvikling og trivsel. Målet er å finne gode løysingar og tiltak som støttar barnet på ein heilskapleg måte.

Pedagogisk analyse skal bidra til:

- Forstå barnet betre
- Betre tverrfagleg samarbeid
- Ta gode faglege avgjerder
- Dokumentere arbeidet på ein profesjonell måte

6.2 Sando barnehage

Friluftsliv og fysisk aktivitet

Det er mykje som tyder på at barn som ferdast i naturen saman med andre barn og vaksne, får fysiske, psykiske og sosiale opplevingar som er med på å gje dei god "I ring for livet".

Ved å ferdast i naturen legg vi til rette for å styrke barna si motoriske utvikling. I skog og mark stimulerer barna dei grunnleggjande bevegelesane (springe, hoppe, klatre, rulle) og dei aukar bevisstheita om eigen kropp. Ved positive erfaringar, aukar også lysten til å prøve, tore å feile, tore å vurdere risiko og ikkje minst å kjenne sine eigne grenser. Gjennom fysisk aktivitet styrker

vi barna sitt sjølvbilete og gjer dei trua på seg sjølv, og trua på at dei er gode nok akkurat som dei er!

Barn skal oppleve all slags vêr (utifrå alder), og erfare at vottar varmar betre enn tynne hanskar, at regnklede er best i regn og at joggesko er best i tørt sommarvêr. For å lære å kle seg rett, må barna ha opplevd å bli "kokande varm" og "isande kald". Vi ynskjer å la barna kjenne gleda av å halde ein kopp med varm kakao i kalde fingrar, medan dei kjenner varmen frå bålet. Kva er vel betre enn å sitte der å kjenne roen senke seg når ein er "litt sliten" etter å ha vore i fysisk aktivitet? Å kjenne på kontrastane er nyttig lærdom for å kunne sette pris på dei små enkle tinga i kvardagen.

I Sando barnehage let vi barna vera aktive gjennom leiken, dei får oppdage og undre seg over det dei ser og får dermed kunnskap om naturen. Med kunnskap kjem interessa, gleda og eit permanent ynskje om å ta vare på naturen fordi dei har lært å vera glad i den.

Vi bruker naturen rundt oss kvar dag når vi er på tur med dei ulike barnegruppene. På enkelte turar er barna delt i aldersgrupper. Barna har ulike behov og dagane våre må planleggjast ut i frå dette. Samstundes skal vi kunne gripe dagen dersom noko spanande skulle skje. Vi har rom for at barna er nysgjerrige og utforskande. Når vi er på tur brukar vi alltid god tid. Sjølve turen er like viktig som målet.

Naturen er full av materiell som barna med litt fantasi kan bruke som leiker. Dei

viktigaste ressursane vi har for god lek er tre, stein, fjell og mykje anna som innbyr til fysisk og kreativ lek. tillegg brukar vi lupe, glas til insektsamling, sommarfugl-håv, digitalt mikroskop, inspeksjonskamera og kniv og taug.

Om vinteren brukar vi akebrett og ski. tillegg tek vi med oss songar, eventyr og forteljingar ut på tur. Alle fagområda i rammeplanen kan nyttast i friluft.

Naturen gir opplevingar, moglegheiter for meistring og utfordringar. Dette gir barna mykje å snakke om, og ei rikare språkutvikling. Naturen lærer barn om å ta ansvar, og gir dei rom til å undre seg.

7.0 SAMARBEID

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. (Rammeplan 2017, s. 29).

Styraren skal sikre at barnehagen har innarbeidd gode rutinar for å samarbeide med relevante institusjonar, slik som skulen, helsestasjonen, den pedagogisk-psykologiske tenesta og barnevernet. (Rammeplan 2017, s. 16).

7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Samarbeid mellom heimen og andre hjelpeinstansar er viktige i arbeidet for barnets beste. For å sikre samarbeid har Ål kommune desse føringane:

I «**Trygg oppvekst Ål**» nyttar ein på individnivå ein samhandlingsmodell kalla betre tverrfagleg innsats (BTI-modellen). Den sikrar heilskapleg og koordinert innsats mellom hjelpetenestene. Det er ein samhandlingsmodell for tilsette i sektoren og skisserer handlingskjeda når undring oppstår. Modellen sikrar at føresette blir tidleg involvert og at det alltid er ein som har ansvar for framdrift i saka.

Barnehagane har eit tett samarbeid med **Familiens hus** som har organisert småbarnsteam. Småbarnsteam består av helsesjukepleiar, pedagogisk psykologisk rådgjevarar, jordmor og ein person frå psykisk helsevern.

Dei kan vera med inn i barnehagar og hjelpe barnehagane i arbeidet som forgår på system- og individnivå. Dei har også faste tilsette som er med inn i primærkontaktmøter i barnehagane.

Alle avdelingar inviterer også til foreldremøte som er felles eller avdelingsvis, alle får tilbod om foreldresamtale og det blir invitert inn til ulike samkomer der foreldre får anledning til å bli kjent på tvers av avdelingar.

7.2 Sando barnehage

Vi skal saman skape ein sosial læringsarena som set gode spor. Foreldresamarbeidet skal alltid ha barna sitt beste som mål.

Samarbeidet skjer både på individnivå, med foreldre til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom FAU og samarbeidsutvalet. Samarbeidet skal sikre at foreldre får innflytelse på barnehagen sitt arbeid med å skape et heilheitleg omsorgs-, leike- og læringsmiljø for barnegruppa.

Foreldre sin medverknad i innhald og planar til barnehagen

Samarbeidet med foreldre og føresette ivaretakast på fleire ulike måtar. Kommunikasjon, informasjon og felles forståing er viktig for å få til eit godt samarbeid. Gjennom foreldresamtalar, foreldremøter og brukarundersøkingar får foreldre moglegheit til å påverke og bidra med innspel til barnehagen sitt arbeid, og pedagogisk innhald og aktivitetar. Foreldre skal bli høyrte og bli teke på alvor i saker som angår deira barn. I den daglege dialogen er det viktig for oss å ha ein god og open dialog frå begge sider om korleis dagen, er og har vore.

Vi lagar månadsplanar for å gje ein oversikt over aktivitetar og arrangement, og vi oppdaterar Visma-appen for at foreldra enklast mogleg skal sjå kva som skjer i barnehagen. Vi set pris på alle tilbakemeldingar frå foreldreguppa.

Vi har jamlege møter med SU.(samarbeidsutval)

Barnehagen har også ulike arrangement som julegrantenning, gomme/goffa-kaffi og sommarfest, for å ha andre arena for samspel mellom barnehage og foreldre/føresett. Foreldresamarbeid er viktig og det er noko vi tek på alvor.

8.0 OVERGANG

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen, overgang mellom avdelingar, overgang til skule og skulefritidsordning (SFO). (Rammeplan 2017, s. 33).

8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd "Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune". Denne planen inneheld mellom anna rutine ved overgang frå barnehage til barnehage og frå barnehage til barneskule. Sjå eigen plan på heimesida til Ål kommune.

8.2 Sando barnehage

Det å begynne i barnehagen skal opplevast som ein god start, både i forhold til utvikling av tryggleik og tilhøyrighet. Tilvenning, trygghet og tilhøyrighet er nøkkelord i samband med alle overgangar i løpet av barnehagetida.

Ny i barnehagen

Å vera ny i barnehagen kan vera ein sårbar prosess. I Sando barnehage ynskjer vi å gje barna ein trygg og god oppleving når dei trer inn i ei ny "verd". Ei vaksne i barnehagen møter barna med sensitive, inkluderande, anerkjennande og responderande haldningar. Ein fast tilknytningsperson vil ha ansvaret for å ta imot barn og foreldre/føresette i oppstarten. Det er ein trygghet for både små og store å ha eit menneske å knytte seg til i starten. På denne måten ynskjer vi å skape eit tillitsfullt tilhøve der barnet skal føle seg sett, høyrd og forstått - eit godt utgangspunkt for vidare relasjonsbygging. Barnehagen har gode rutinar for dei fyrste dagane og tilvenninga skjer på barnet sine premissar og foregår i tett dialog med foreldre/ føresette slik at vi kan gje barnet ein god start på barnehagelivet. Dei fyrste dagane er noko kortare slik at barnet får ein god progresjon og erfarer at mamma eller pappa kjem og hentar. Før oppstart har vi ha ein oppstartsamtale for å kunne prate om forventningar til tilvenning og ev. praktisk info.

Frå småbarn- til storbarnsavdeling (Vesleberg til Satakroken)

I Sando barnehage legg vi til rette for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barn, og personalet når barnet bytter barnegruppe.

For 2-3-åringar blir det ein overgang å skulle gå frå småbarn til storbarnsavdeling. Vi i Sando barnehage arbeidar med dette ved å ha eit godt samarbeid mellom Satakroken og Vesleberg gjennom heile året. På denne måten får barna moglegheit til å bli betre kjend med avdelinga, dei vaksne og dei andre barna dei skal gå på avdeling med. Dei eldre barna har og moglegheit til å besøke Vesleberg for leik.

Frå barnehage til skule

For våre «skulestartarar» har vi ein intensjon om å gjere det siste året i barnehagen litt spesielt. Dei skal oppleve den avsluttande tida i barnehagen som spanande, utfordrande og ei tid kor iveren etter å erobre ny kunnskap skyt fart (Veilederen frå eldst til yngst, 2009).

I barnehagen har vi utarbeid ein eigen skulestartarplan. Der står det litt om fokuset vi har for det siste året i barnehagen. Vi fylgjer også Ål kommune sin overgangsplan mellom barnehage og skule. Vi arbeider m.a. med boka «Trampoline» som er ei bok med oppgåver knytt opp mot BU.

(Begrepsundervising og modell), i tillegg til fysiske aktivitetar rundt same tema.

Dette er for at barna på ein god måte kan førebu seg på skulestart.

Vi reiser på turar og opplever spennande ting som berre skulestartarane får delta på. Vi samarbeidar med Sundre, Skattebøl og Nordbygdene barnehage, og er ofte saman utover våren for å bli kjent på tvers før skulestart.

9.0 PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen blir utsett for slike krenkingar.

Barnehagen skal førebygge tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. (Lov om barnehage kapittel 8).

9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd ein plan regionalt i Hallingdal for “Godt psykososialt barnehagemiljø”. Denne planen inneheld mellom anna rutine for kva barnehagane skal gjera om dei ser at eit barn opplev krenkingar, samarbeid mellom heim og barnehage og kva for pliktar personalet i barnehagen har.

9.2 Sando barnehage

I Sando barnehage legg vi stor vekt på at alle barn skal oppleve tryggleik, trivsel og glede i kvardagen. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som utestenging, mobbing, vald, diskriminering eller trakassering. Alle som arbeider hos oss har eit særleg ansvar for å gripe inn dersom eit barn blir utsett for slike handlingar.

For å sikre dette arbeider vi systematisk og kontinuerleg med å fremje **helse, leik, læring og trivsel**. Vi brukar både førebyggjande arbeid i kvardagen og klare rutinar når situasjonar oppstår. Arbeidet vårt er forankra i **Lov om barnehage kapittel 8** og i den regionale planen for Hallingdal «Godt psykososialt barnehagemiljø».

Slik jobbar vi i praksis:

- **Relasjonsbygging:** Personalet er tett på i leik og aktivitetar, og vi legg vekt på varme, trygge relasjonar mellom vaksne og barn.
- **Vaksenrolla:** Vi er tilgjengelege, observante og aktive i leikemiljøet for å kunne fange opp og handle raskt dersom nokon ikkje har det bra.
- **Rutinar ved krenking:** Dersom eit barn opplever å bli krenka, følgjer vi rutinen frå den regionale planen. Dette inneber å dokumentere, informere føresette og sette inn tiltak saman med heim og barnehage.
- **Foreldresamarbeid:** Vi deler observasjonar og erfaringar, og samarbeider med føresette for å finne gode løysingar.
- **Felles kultur:** Vi arbeider med å skape ein inkluderande kultur der alle barn blir sett, høyrte og anerkjende. Gjennom leik, samlingsstunder og prosjektarbeid får barna erfaring med samarbeid, empati og respekt.

Vårt mål er at alle barn i Sando barnehage skal kjenne seg som ein verdifull del av fellesskapet, og at dei kvar dag får oppleve eit trygt og godt barnehagemiljø.

10.0 VURDERING

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. (Rammeplan 2017, s 38).

10.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Formålet med vurdering er å vurdere om ein driv verksemd i tråd med fastsette mål. Vurdering er også til hjelp for å vere ein organisasjon i positiv utvikling, ein lærande organisasjon.

Oppvekstkontoret i Ål kommune nyttar desse formane for vurdering:

- Strategikonferanse
- Medarbeidarundersøking og foreldreundersøking
- Tilsyn

10.2 Sando barnehage

Dokumentasjon synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen (rammeplanen 2017, s39).

I Sando barnehage legg vi ut dagbokspost i appen «Min barnehage» dei dagane det er turar, gebursdagar, matdag eller andre spennande ting som skjer. Då blir det lagt ut bilete frå dagen og litt kort tekst om kva vi har gjort. I appen kjem det òg ut informasjon, månadsplanar og andre viktige beskjedar.

Gjennom heile året evaluerar vi alle arrangement, turar og tema i etterkant for å kunne sjå kva vi kan gjere betre, og kva som fungerte bra.

Gjennom året gjennomfører vi òg ulike evalueringar av vårt eige arbeid, halvårs- og årsevalueringar.

Vurdering

Det pedagogiske arbeidet skal forklarast, analyserast og tolkast ut frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Vi brukar pedagogiske evalueringar som grunnlag for vurdering.

11.0 TRAFIKKTRYGGLEIK

Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt. (Rammeplan 2017, s 56).



11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune vart den 29. November 2024 re-godkjent som ei trafikksikker kommune. For barnehagar er det eit krav om at trafikktryggleik er synleggjord i årsplan og eigne rutinar.

11.2 Sando barnehage

For å skape ein trafikksikker barnehage fylgjer vi desse punkta:

- Vi stiller krav til busselskap og drosjer om belte og trafikksikker åtferd ved kjøp av transporttenester.
- Alle våre tilsette kjenner til korleis dei skal handtere uforutsette faresituasjonar og hendingar på tur.
- Vi har gode nedskrivne rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller kollektivtransport.
- Vi lærer barna trafikkreglar for fotgjengarar.
- Vi lærer barna om bruk av sansar i trafikken.
- Vi lærer barna om bruk av bilbelte, sykkelhjelme og refleks.
- Vi har hjelme til alle barna som ynskjer å bruke barnehagen sine sykklar på fotballbanen og i sykkelløypa.

Vi ynskjer òg eit godt samarbeid med heimen om trafikktryggleik.

- Vi gjennomgår rutiner for trafikktryggleik ved/i barnehagen på foreldremøtet på hausten.
- Vi ynskjer at alle foreldre er med på å halde desse rutinane for å skape ein sikker plass for barna.

12.0 BEREKRAFT

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. (Rammeplan 2017, s. 52)



12.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune vart i juni 2025 sertifiserte som miljøfyrtårn. Ved å vera miljøfyrtårn bidreg barnehagane aktivt til ei berekraftig framtid.

12.2 Sando barnehage

I Sando barnehage

- «Byttekrok» der føresette kan levere klede, sko til borna og ta med seg av det som heng der
- Vi tek barna med på turar i nærområdet for å utforske skogen, bekker og åkrar. Gjennom slike turar får barna lære om dei ulike plantene, dyra og økosystema som finst i naturen rundt oss. Dette gjev barna ei direkte oppleving av naturen og ei betre forståing for kor viktig det er å verne om den.
- Vi legg vekt på å lære barna enkle praksisar som fremjar berekraft, som til dømes kildesortering og gjenbruk. Barna er involverte i avfallssortering på avdelingane, der vi lærer om skilnaden mellom plast, papir og organisk avfall. Dette hjelper barna å bli meir bevisste på sitt eige forbruk og miljøpåverknad.
- Gjennom samtalar og refleksjon lærer barna å uttrykke sine egne tankar om naturen og berekraft, samt å respektere andre sine synspunkt. Dette fremjar samarbeid og empati, og byggjer forståing for felles ansvar for naturen og miljøet.

